



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 13. juni 2019

Sak

2019/0043 Stiftinga Wittgenstein i Skjolden – org. nr. 914 844 118 - klage over avslag på søknad på meirverdiavgiftskompensasjon

Til stades: Leiar Elisabeth Wittemann, medlem Åse Gustavsen og medlem Ingjald Sørhøy

Bakgrunn for saka

Stiftinga Wittgenstein i Skjolden (klagar) søkte 24. august 2018 om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2017.

Lotteritilsynet gjorde vedtak om avslag 6. november 2018, med grunngjeving om at klagar ikkje var registrert i Frivilligregisteret innan søknadsfristen.

Klaga klaga på vedtaket 28. november 2018. Klagar held fram at dei ikkje var klar over at dei måtte vera registrert i Frivilligregisteret for å kunne søke om meirverdiavgiftskompensasjon. Klagar erkjenner at det er stiftinga sjølv om har ansvaret for å syte for at dei er registrert. Vidare legg klaga til at meirverdiavgiftskompensasjon er heilt avgjerande for organisasjonen si økonomi. Det vises til klagen i sin heilhet.

Lotteritilsynet har ikkje funnet grunn til å gjere om vedtaket sitt. Klagen med innstilling frå Lotteritilsynet 21. januar 2019 vart sendt til Lotterinemnda.

Det rettslege grunnlaget

Det rettslege grunnlaget for ordninga er forskrift 15. april 2013 nr. 386 om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar, som er oppheva, men som gjaldt på søknadstidspunktet.

I forskrifta §7 andre ledd går det fram:

«For å kunne søke om å få utbetalt kompensasjon for kostnader til merverdiavgift på varer og tjenester må søker (sentralledd eller enkeltstående søker) vær registrert i Frivillighetsregisteret. Søker må være registrert i Frivillighetsregisteret innen søknadsfristen 1. september og være registrert ved utbetalingstidspunktet.»

Etter forvaltningslova § 34 kan klageinstansen prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Postadresse

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

Lotterinemnda si vurdering

Stiftinga Wittgenstein i Skjolden si klage gjelder Lotteritilsynet sitt vedtak 6. november 2018 om å avslå søknad om meirverdiavgiftskompensasjon.

Etter forskrifta § 7 andre ledd går det fram at søkar må være registrert i Frivilligregisteret innan 1. september. Søknadsfristen 1. september 2018 falt på ein laurdag, og fristen vart difor utvida til første virkedag som var måndag 3. september 2018. Ordlyden i forskrifta og praksis frå Lotterinemnda og Lotteritilsynet viser at det ikkje er tilstrekkeleg at klagar innan fristen har sendt søknad om registrering i registeret, det må ligg føre ei faktisk registrering. Sjå mellom anna Lotterinemnda sitt vedtak i sak 2018/016.

Det er søkar som har ansvar for at faktisk registrering ligg føre innan søknadsfristen, slik det er stadfesta i tidlegare vedtak frå Lotteritilsynet og Lotterinemnda. Klagar har erkjent at dei ikkje var klar over kravet til registrering. Klagar vart registrert i Frivilligregisteret 28. november 2018, og klagar oppfylte ikkje vilkåra for å kunne søke om meirverdiavgiftskompensasjon ved søknadsfristen 3. september 2018.

Konklusjon

Lotterinemnda har, etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka, stadfesta Lotteritilsynet sitt vedtak.

Vedtak

Klagen vert ikkje teken til fylgje.

Dokumentet er godkjent elektronisk